



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD 30.01.2025 kl. 15.30 - i møterom på kyrkjekontoret.

Til stades: Leif Ole Terøy, Olav Frantzen, Aud Grimstad, , Sigrunn Hagen Arnesen, Magnhild Meltveit Kleppa, Margunn Helgøy, Asbjørg K. Hetlesæter og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Liv Laugaland

Møtande varamedlemmar: Susanna Poulsen

SAK 00/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og sakliste.

SAK 00/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 21.11.2024

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 21.11.24.

SAK 01/25 ORIENTERINGAR

Hjelmeland kyrkje manglar kyrkjetenar, Ola Dale er vikar ein stund. Kyrkjeverja arbeidar med å få på plass ny kyrkjetenar.

Kirkedata sin arbeidsplattform er sagt opp frå 01.01.2026. Det blir innført ny plattform frå Kirkepartner på slutten av året.

Årdal gamle kyrkje er snart klar for slutføring av utvendige sprinklarrøyr.

Hjelmeland kyrkje sitt skip skal målast utvendig i 2025, tårnet blir utset til 2026. Vi håpar på å få midlar frå Kirkebevaringsfondet, søknadsfrist er 01.11.25. Vi ventar med å male tårnet til bygningsarbeidet er ferdigstilt.

Vedtak:

Orienteringar vert tekne til orientering.

SAK 02/25 DRIFTSREKNESKAPSRAPPORT FØREBELS 2024

Vedtak:

Førebels driftsrekneskap vert teke til orientering

SAK 03/25 DRIFTSBUDSJETT 2025

Vedtak:

Det skal setjast av kr. 200 000,- i lønsreserve i rekneskapet.
Investeringsbudsjett utsetjast til neste møte. Tårnet på Hjelmeland kyrkje blir utset til 2026.

SAK 04/25 HØYRINGSUTTALE PÅ KA'S STRATEGIPLAN

Vedtak:

Hjelmeland fellesråd avstår frå å gje uttale.

SAK 05/25 BRUK AV SEKRETÆRRESSURS

Vedtak:

Sokneråda får rekneskapsrapport ifølge økonomireglementet; Årsrekneskapen innan 31.01., rekneskapsrapport 30.04. og 31.08.

SAK 06/25 AVTALE OM TENESTEYTING - NYTT FORSLAG FRÅ KOMMUNEN

Fellesrådet har spørsmål og endringar til kommunen sitt forslag:

Kva betydning ligg i siste setning i punkt 3.1 «med bygging eller større rehabilitering av kyrkjelege bygg». Tenker kommunedirektøren på eit større beløp så er det greitt å få det definert med eit tal slik at det ikkje oppstår misforståingar i etterkant.

Punkt 6: Organ for soknet er Fellesrådet.

Punkt 6.8 Representant frå kyrkjeleg fellesråd kan be om møte- og talerett i kommunale organ når desse handsamar saker som direkte vedkjem fellesrådet si verksemd.

Vedtak:

Leiar i fellesrådet og kyrkjevevja får fullmakt til å diskutere med kommunen vedrørande punkt 3.1. og leggje fram for kommunen våre endringar i punkt 6 og 6.8.

SAK 07/25 YMSE

Møtedatoar

Endring av møtedato i oktober blir 16.10.

Påskjønning tilsette

Vi bør sjekke med kommunen korleis deira reglement er. Det vi har er basert på kommunen sitt reglement.

Det blir oppretta sak til neste fellesrådsmøte.

Nytt flygel i Hjelmeland kyrkje

Det er samla inn kr. 32 000,- til nytt flygel. Det var ein konsert til ære for Anne Berit Rinde Bjelland der det blei bedt om offer til flygel. Det er i tillegg søkt om tilskot frå Rogaland sparebank og Ryfylkefondet. Rogaland sparebank har avslått søknaden.

Godtgjering til medlemmane i sokneråd/fellesråd

Det blir oppretta sak til neste fellesrådsmøte.

Oppgradering brannvarslingsanlegg

Det er ynskje om å lage prosjekt på brannvarslingsanlegga i Årdal nye, Fister og Hjelmeland kyrkjer.

Auke i diakonstillinga

Det har vært diskutert i fleire år at diakoniarbeidarstillinga er for liten, den er nå på 25%. Det er stor etterspørsel. Det er ynskje om at den skal aukast med 10%, frå 25 – 35%.

Det blir opprette eigen sak til neste møte.